



5 meters regulering av Fagerdalsvatnet- er det forsvarleg?

**Denne veka er det sluttsynfaring i regi av NVE av dei 6 småkraftverkprosjekta som det er søkt om konsesjon for i Kvinnherad. 3 av dei er i Uskedalen - det er Eikeelva, Tverrelva og Børsdalselva - og dei andre er Auno, Mattiselva og Valedalen.**

**Ei synfaring som denne vert vanlegvis avvikla etterat NVE har fått alle høyringsuttaler og søkjarane har kommentert desse.**

**To føremål er viktige: Søkjarane skal få høve til å gje uttrykk for synspunkta sine på staden og sakshandsamaren frå NVE skal få sjå det aktuelle området og aktuelle problemstillingar.**



Dag Eirik Eikeland i SKL er sentral under synfaringa av Børsdalsprosjektet i morgon onsdag og Tverrelva dagen etter.. (Foto: Ola Matti Mathisen)

NVE har i invitasjonen presisert at dei er ein nøytral part i sakene dei handsamar og ynskjer å drøfta aktuelle konflikhtar og mogelege løysingar i fellesskap.

3 av prosjekta vart synfart i dag og eitt av dei var Eikeelva. Imorgon kjem turen til det av dei 3 Uskedalprosjekta som er mest kontroversielt og som truleg kan verta avvist - Børsdalselva.

Det er også eit svært ulendt terreng og synfaringa startar med helikopterløft opp frå idrettsplassen på Heio og til Kvanngrodtjønna. Derifrå går deltakarane til fots gjennom resten av utbyggingsområdet og synfaringa vil ta 5-6 timar. Det er matpause ved Fagerdalsvatnet.

Torsdag kjem turen til Valedalen og overføring av Sitautevatn. Dette vert ei lang økt - det er eit anslag på 8 timar. Undervegs er det beverning på hytta ved Svartatjønn.

Fredag vert det sett punktum med Tverrelva og NVE reknar med 4-5 timars marsj i det svært bratte terrenget. Her er det matpause ved Mannsvatnet og oppsummering på Helgheim etterpå.

Av Ola Matti Mathisen